

# Handlingsplanen for eit godt psykososialt miljø



**Sandeid skule**  
(Sist red januar 2019)



## FØREORD AV REKTOR

Opplæringslova § 9a slår fast at *"Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Dette gjeld og for elevar som deltek i leksehjelpsordningar og i skulefritidsordningar, med unntak av §§9A-10 og 9A-11.*

Barn- og unge har rett til eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for krenking; som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Den einskilde elev sine behov, rett til tryggleik og ivaretaking, skal til ei kvar tid stå i sentrum. Å sikra barnet sin rett, vil krevja heilhjarta innsats av både foreldre og personal. Skal me nå målet, må alle gjera eit aktivt arbeid, ha kunnskap om krenking og om verknadane av dette, og vera forplikta på å ta krenking og mobbing på alvor om dette vert avdekka.

For den som vert utsett for krenkjande ord og vondsinna åtferd, eller vert utestengd, har dette verknader som eit overgrep. Dette kan skada eit barn både på kort og lang sikt. Når nokon vert utsette for negative ord og handlingar over tid, kjenner dei seg som offer i møte med ein eller fleire medelevar. Gruppa og tilskodarar kan gje plagaren ekstra makt til handlingane sine. Krenking og mobbing handlar i stor grad om at eitt barn har makt og at den som vert krenka kjenner avmakt.

Digital mobbing har gjeve ny arenaer for krenking og mobbing. Om ein skriv nedlatande om andre på mobiltelefon, MSN, Facebook eller i andre sosiale media, slepp ein stå ansikt til ansikt med den ein utset for negative budskap. Ein kan i tillegg dekkja seg til gjennom kallenamn som ingen kjenner. Ein ser heller ikkje reaksjonane hos mottakaren. Det kan også vera raskt å "hengja seg på" ei negativ melding frå andre og støtta opp om negative "bølgjer" og haldningar.

Det kan vera vanskeleg å seia frå, men det er likevel viktig. Barn har rett å seia frå til vaksne, heime, på skulen eller til fritidsleiaren sin, dersom ein vert utsett for negative ord eller handlingar. Foreldre/føresette har rett til å ta kontakt med skulen om barnet vert utsett for krenkjande ord eller handlingar.

Denne planen søkjer å gi eit samla oversyn over førebyggjande arbeid som går føre seg på skulen, reglane me har og konsekvensane me set i verk ved uaksebel åtferd.

Det er laga ein eigen "handlingsplan mot mobbing" i Vindafjordskulen: Denne planen er innarbeida i dette dokumentet.

Arbeid mot krenking og mobbing krev kontinuerleg innsats. Denne handlingsplanen er ein forpliktande plan og dannar grunnlag for å ivareta retten til eit godt psykososialt læringsmiljø på Sandeid skule

Lykke til med felles arbeid for å få eit godt skulemiljø ved Sandeid skule.

Rektor



## Innholdsliste:

1.	
Revisjonsprosedyre.....	4
2.	
Skulen sitt arbeid mot krenkande åtferd.....	5
3.	
Førebygging av krenkande åtferd.....	6
4.	
Felles forståing og felles reaksjonsmønster.....	7
5.	
Fellesreglar for orden og åtferd.....	8
6.	
Klassereglar.....	9
7.	
Utereglar.....	10
8.	
Ordensreglar.....	11
9.	
Krenkjande åtferd og konsekvens.....	13
10.	
Plan på sosial kompetanse ved Sandeid.....	21

## 1. Revisjonsprosedyre

For å gjera planen til eit aktivt verkty i organisasjonen vil det vera naudsynt med ein årleg gjennomgang for å vurdera om planen fungerer tilfredstillande eller om det er naudsynt med revisjon.

### 1.1 Tidspunkt for årleg gjennomgang - personalet

Planen vert gjennomgått 1. planleggingsdagen på hausten i heile personalet. Administrasjonen er ansvarleg for at dette blir gjort

### 1.2. Tidspunkt for årleg gjennomgang i utval

Planen vert gjennomgått på første møtet på hausten. Desse utvala skal handsama planen: SU/SMU og Elevrådet. Administrasjonen er ansvarleg for at dette blir gjort

Revisjonsdato	Utval	Personal	Versjon
<b>12.12.17</b>	<b>SU</b>	<b>Driftsgruppa</b>	<b>Ny utg. Handlingsplan</b>
<b>04.09.18</b>	<b>SU</b>		<b>Gj. gong små justeringar</b>
<b>09.05.19</b>		<b>Rektor</b>	<b>Korrekturlesing</b>




## 2. SKULEN SITT ARBEID MOT KRENKANDE ÅTFERD

Mål: Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt arbeidsmiljø fritt for mobbing på skulen

### A. Definisjon av omgrepet krenkande åtferd

*"Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vold retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodane vert gjentekne over tid."* (Roland og Sørensen Vaaland, i "Zero, SAFs program mot mobbing. Lærerveiledning": 2003 ).

### B. Kjenneteikn og rollar i krenking eller mobbing:

Alle barn kan hamna i ei eller fleire av desse tre rollene, uavhengig om ein har nokre av desse kjenneteikna.

Kjenneteikn i dei ulike rollene KAN vera:

MOBBAR	MOBBEOFFER	TILSKODAR
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ofte litt meir populære</li> <li>- Gutane er i fleirtal</li> <li>- Meir aggressive enn andre ( <i>tiltrukne av aggressiv film/leik</i>)</li> <li>- Er avhengig av tilskodarar</li> <li>- Gutar plagar begge kjønn, jenter oftast jenter</li> <li>- Gutar ofte litt fysisk sterkare</li> <li>- Lågare sjølvbilete</li> <li>- Meir engstelege og deprimerede</li> <li>- Legg skulda på offeret ( <i>anklagar offeret for å vera dum, ufyseleg, irriterande, ikkje fylgja reglar.....</i>)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Engstelege, viser frykt</li> <li>- Grin gjerne lett</li> <li>- Har gjerne yngre venner</li> <li>- Har ofte fysiske smerter ( <i>vondt i hovudet, magen</i>)</li> <li>- Gutar er ofte litt fysisk svake</li> <li>- Under gjennomsnitt i skuleprestasjonar</li> <li>- Lågare sjølvbilete enn andre</li> <li>- Ofte einsame og lite populære</li> <li>- Emosjonelle problem</li> <li>- Elevar som er fine, eller som utmerkar seg positivt på skulen fagleg eller i idrett</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjer ikkje noko med det ein ser</li> <li>- Feiltolkar</li> <li>- Gjeng</li> <li>- Synest mobbinga er underhaldande, ler gjerne av det som skjer</li> <li>- Blir dregne med</li> <li>- Vågar ikkje seia i frå, synest det er vanskeleg å seia frå</li> <li>- Kan vera litt usikre</li> <li>- Dei fleste er i mot mobbing</li> <li>- Gir drivkraft til dei som mobbar</li> <li>- Redsel for å stikka seg fram og koma i same situasjon.</li> </ul>



<ul style="list-style-type: none"><li>- Heng seg raskt på negative stemningsbylgjer.</li><li>- Tenkjer svart/kvitt</li><li>- Barn kan ha negative heimeforhold</li></ul>		<ul style="list-style-type: none"><li>- Plagaren trur at tilskodarane støttar dei.</li><li>- Dei er ein taus majoritet.</li><li>- Dei viser ofte utrykk for meir positivitet for mobbinga enn dei eigentleg innerst inne meiner.</li></ul>
--	--	--





### 3. Førebygging av krenkjande åtfærd

Det er svært viktig å formidla ei haldning på alle nivå i organisasjonen at det er naudsynt å seia frå når nokon blir plaga. Å samla informasjon frå lærarar, andre vaksne i skulemiljøet, elevar, foreldre og andreinstansar er eit kontinuerleg arbeid, og heng saman med dei fleste andre punkta i planen. Det handlar om å sjå, å bry seg og ta ansvar om ein ser nokon som ikkje har det greitt.

#### 3.1 Førebygging i klassen

Eit godt klassemiljø er den beste forsikringa mot mobbing. Og tydeleg klasseleiing er avgjerande når ein skal bygga opp eit godt klassemiljø. Det er forventa at læraren:

- skaper ein god atmosfære i klassen.
- vinn tillit, innarbeider tryggleik og trivsel for alle elevane,
- vidareutviklar og trenar opp god sosial og etisk kompetanse hos elevane.
- gir rom for den enkelte elev si personlege utvikling, men lar òg eleven oppleva seg sjølv som ein del av heilskapen.
- stimulerer etisk refleksjon og ansvarskjensle hjå eleven.
- lagar få og tydelege klassereglar saman med elevane
- syter for at kvar klasse årleg møter miljøskapande tiltak – gjerne på tvers av klassestega.
- samarbeider heilskapleg med andre vaksne i klassemiljøet.

#### 3.2 Førebygging i heile skulemiljøet

For å få til eit godt skulemiljø som også er mobbeførebyggjande, er det viktig at fylgjande fungerer:

- Ordensreglement .
- Klasseråd og Elevrådsarbeid
- Elevsamtale – minst to pr år kor òg trivsel og sosial utvikling er tema
- Alle klassar: Dokumentera utvikling av sosial dugleik (Skjema for sosial kompetanse)
- Alle klassar: Arbeida med "Det er mitt val"
- Det sosiale elevmiljøet skal regelmessig vera tema på personal -og/eller lagmøte

#### 3.3 Førebygging gjennom godt samarbeid heim-skule

Respekt for og god dialog med føresette er grunnleggande i alt samarbeid heim - skule:

- Foreldremøte minst 1 gong i året. Det sosiale elevmiljøet skal vera tema på møtet/møta.

- Foreldrekonferansar 2 gonger i året. Her skal både fagleg dugleik og sosial utvikling og trivsel vera tema
- FAU: informasjon om elevundersøkinga. Felles temakvelder.
- Samarbeidsutval / Skulemiljøutval.
- Oppfordra til/innarbeida låg terskel for kontakt begge vegar  
*Sjå plan for trivsel - /sosiale arrangement ved Sandeid skule*

### 3.4 Førebygging gjennom trygge skulearenaar

Elevane må ha tilsyn heile skuledagen, også like før skulestart og etter skuleslutt. Ved oppstart av nytt

skuleår må ein ha gjennomgong av vaktordningar og sikra at alle har same forståing av vaktrutinane.

Nokre stikkord:

- Alle elevar er fellesansvar når ein går vakt. Felles tiltak er tema på personalmøta.

Dei som går vakt, har

eit spesielt ansvar for å fanga opp situasjonar som må nøstast i, og kontaktlærer skal informerast.

Utanom det konkrete vaktoppsettet har er me samde om kva reglar og ansvarsområde vakta har; både før, under og etter skuletida.

- Den som oppdagar krenkjande åtferd, grip inn umiddelbart og føl prosedyren.
- Utevakta må vera synleg.
- Vaktlista er synleg òg for elevane
- Alle elevar kjenner til at ein skal gi melding til kontaktlærer eller vakt om ein ser noko ugrent

### 3.5 Førebygging gjennom samarbeid med andre instansar

- Helsesjokepleiar har fast tid på kvar skule. Det blir avhalde møte mellom kontaktlærer, rektor og helsesjokepleiar.

- Barne og familierettleiar er ein samarbeidspartnar ved psykososiale vanskar.

- Vindafjord kommune har utarbeidd og vedteke ein eigen plan for førebyggjande arbeid og tverrfagleg

samarbeid for barn og unge, kalla Bygdamodellen. Ut frå dette er det sett ned eit tverrfagleg samordningsteam og tre tverrfaglege oppvekstteam i kommunen. Tidleg innsats og auka handlingskompetanse rundt barn og unge i faresona er nokre av målsetjingane med desse teama.

- Det er samarbeid med Kolumbus om reglar på bussen og reglar for sjåførane.

### **3.6 Rutinar for overgangar**

Skulane følgjer planane kommunen har for overgangar. (Barnehage –skule, barneskule – u-skule.,u.skule – vgs) Desse planane skal sikra at barna kjenner seg tryggare i møte med neste steg/epoke.

### **3.7 Årlege trivselsundersøkingar**

Alle skulane gjennomfører årleg den same trivselsundersøkinga for elevane sine, avgrensa til 3. – 10.trinn. Undersøkinga er uanmeldt og samstundes for alle klassar. Undersøkinga kan ha lokale tilpassingar, men alle har same mal. Resultatet av undersøkinga med oppfølgingsplan skal leggjast fram for elevar og foreldre. I tillegg kjem den nasjonale elevundersøkinga for 7. og 10.trinn, samt foreldreundersøking om FAU ynskjer den. Det er viktig å syna at skulen kontinuerleg tek trivsel på alvor.

I tillegg har ein og moglegheit til å gjennomføre Spekter undersøkinga i kommunen. Denne er ikkje anonym og vil lettare avdekke utfordringar.

### **3.8 Informasjon**

Denne planen blir utlevert når elevar startar i 1. klasse.

Planen blir og utdelt til alle klassekontaktar i møtet med klassekontaktar på hausten. Planen ligg og på heimesida til skulen.

## **4. Felles forståing og felles reaksjonsmønster hjå tilsette**

### **4.1 Mål og ansvar**

Me som er tilsett på Sandeid skule er einige om viktig praksis og vil sikra at det er felles forståing av reglar.

Me vil ha jamn dialog om praksis og reglar på fellesmøta.

Punkt 4.3 Innhald blir gjennomgått vår og haust i klassane.

Ansvar: kontaktlærar

### **4.2 Tilsette**

- Ha ro og merksemd før beskjedar blir gitt.
- Gi kvar elev merksemd kvar dag.
- Helsa på elevar når ein møter dei og læra elevar å vera høflege.
- Observasjon i friminutta: Grip inn – gi beskjed til kontaktlærer.
- Kjenna til og praktisera spesielle friminuttsreglar for einskildelevar.
- Vakta skal og gå i gongane.
- Dialog med elevane om periodetiltak, og trenar på desse.
- Bussvakt skal sjekka at selane er på, og at sekken ikkje er på ryggen eller i setet ved sida av.

#### 4.3 Elevane.

- Kjenna til delar av innhaldet i "Ordensreglar for skulane i Vindafjord kommune".
- Ha vore med og utvikla "Klassereglar Sandeid skule".
- Ha vore med og utvikla "Fellesreglar Sandeid skule".
- Kjenna til "Utereglar Sandeid skule" og "Ordensreglar Sandeid skule".

### 5. Fellesreglar for orden og åtfærd

- **Gå på wc i timane:**  
Utgangspunkt: Me ønskjer ein praksis der elevane tilstreber å gå på wc i friminutta.
- **Snop og brus er ikkje tillate på skulen**  
Utgangspunkt: snopefri skule. Regel: Det blir avtalt kva som er tillat å ta med.
- **Åtfærd i gangane:**  
Regel: ein skal gå i gongane
- **Orden i garderobe og gang:**  
Regel: heng alltid tøy/utstyret ditt på plass. Sko skal stå på fast plass.
- **Henting av mjølk og frukt**  
Regel: ordenselevar skal henta dette.



- **Åtferd i biblioteket**  
Regel: Elevar skal ha tilsyn når dei oppheld seg i biblioteket. Vaksne har ansvaret for orden når dei forlet biblioteket.
- **Reinsemd og smitte**  
Regel: elevane må vaske hendene før mat.
- **Gymtøy og konsekvens ved gløyming**  
Regel: Elevane startar å byta til gymtøy før jul i 3. klasse. Elevar som gløymer tøy skal ikkje ha gym. Elevar som ikkje har gym skal sitja på scena inne – eller sjå på om ein er ute.
- **Dusjing**  
Regel: etter jul i 3. klasse bør ein dusja etter gymtimar.
- **Mat med ut**  
Regel: elevar skal ikkje ha med mjølk eller yoghurt med ut i friminuttet.
- **Mjølkekartongar**  
Regel: kartongar skal kastast i søpla
- **Bussreis frå skulen**  
Regel: Elevane skal stå oppstilt på tilvist plass og venta til bussen har parkert. Ved teikn frå sjåfør skal ein gå roleg til bussen. Ryggsekken skal ikkje vera på ryggen eller i setet på sida av, seile skal vera på. Sit i setet til bussen har stoppa.  
**Sjåførar skal kjenna til reglane våre.**
- **Åtferd på bussane**  
Regel: Sandeid skule sine reglar for god og høfleg framferd gjeld og på bussen. Ein skal etterkomma beskjedar frå sjåfør.
- **Sko inne:**  
Regel: elevane tek av utesko i timane.
- **Elektroniske hjelpemiddel**  
Regel: Det er ikkje tillate å ha mobiltelefon/mp3-spelar og elektroniske spel på i skuletida, kan vera unntak om det blir nytta i undervisninga
- **Snøballkasting**  
Regel: Det er ikkje lov å laga eller kasta snøball på skulen sitt område
- **Om å nytta skulen sin telefon**  
Regel: Elevar får nytta skulen sin telefon om dei har behov for å gi viktige opplysningar til heimen.  
Avklaring om å få følgja medelevar heim etter skuletid kjem **ikkje** inn under dette. Slike avklaringar skal gjerast før elevane kjem på skulen.



- **Orden på fellesrom**

Regel: Elevar som nyttar felles grupperom skal rydda etter seg før dei går.

Ein vaksen skal alltid sjekka at rommet er i orden etter at elevar har vore der, og evt. sørge for at dei ryddar.

Ein skal alltid: plukka opp frå golvet, setja på plass stolane, kosta bort viskelêr frå pultplata.

Rommet skal sjå ryddig og ordentleg ut når ein går.

- **Punkt 8 i ordensreglementet omhandlar konsekvens ved brot på fellesreglar, om dei ikkje er omtala her.**

## 6. Klassereglar Sandeid skule

- Klassereglane blir utforma i dialog mellom kontaktlærar og elevane.
- Utgangspunkt for samtalen er fellesreglane, men reglane skal utformast etter behovet klassen har.
- Klassereglane skal henga på veggen i klasserommet.
- **Punkt 8 i ordensreglementet omhandlar konsekvens ved brot på klassereglane.**



## 7. Utreglar Sandeid skule

Utreglane blir endra etter behov – pass på å ha rett versjon hengane oppe. Ansvar for justering ligg til driftsgruppa. Ny versjon blir lagt på pulten til kontaktlærar.

Punkt 8 i ordensreglementet omhandlar konsekvens ved bort på utreglane.

- **Skuleområdet**

I utgangspunktet kan alle elevar ved skulen bruke heile uteområde. Unntak er 1. klasse, dei har egne reglar det første året.

- **Ballspel**

Ulike ballspel skal foregå på grasbanen ved barnehagen, på basketballområde eller i ballbingen

- **Ballbingen**

Me har ikkje sett opp noko tidplan for ballbingen. Det vil bli gjort dersom behov.

**Regel: Alle som vil skal få lov å vere med i ballaktiviteten i ballbingen. Bruk ballbingeball**

- **Skatepark**

Regel: I friminutta på skulen kan ein berre bruke skateparken dersom ein brukar rullebrett, skøyter eller sparkesykkel. Ein må nytte sikkerheitsutstyr. Ein kan nytta skateparken til undervisning når lærar/hjelpespersonell er til stades.

Inga anna bruk enn skating.

- **Snøballkasting**

Strengt forbode egne reglar for konsekvens ved brot.

## 8. ORDENSREGLAR

Alle har ansvar for at Sandeid skule skal vere ein triveleg og god arbeidsplass for både elevar, lærarar, hjelpepersonell og andre tilsette. Me må ta omsyn til kvarandre og visa respekt og omsorg. Skuledagen blir god dersom både vaksne og elevar er høflege og greie mot kvarandre.

### 8.1 FELLES ORDENSREGLEMENT FOR SKULANE I VINDAFJORD

#### Lovheimel

Ordensreglementet er heimla i

#### 1. Opplæringslova, § 2-9:

”Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.”

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

#### 2. Opplæringslova §9a-1:

”Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykologisk miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Kapitlet gjeld og for elevar som deltek i leksehjelpsordningar og i skulefritidsordningar med unntak av §§9A-10 og 9A-11.”

#### Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida, på skulevegen og ved tilstellingar under leiing av skulen.

Punkt 1-7 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einskilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve. Dette har punkt nr. 8.

#### Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

#### Undervisningssituasjonen





Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

### Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på skulen sin eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

### Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

1. Irettesetjing
2. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert når merknad blir sett.
3. Samtale med elev og foreldre / føresette.
4. Eleven får i ein periode avgrensa rettar på skulen.
5. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar. Jfr. Opplæringslova §2-10

### Vurdering i orden og åtfærd

Vurdering i orden og åtfærd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og åtfærd i heile opplæringsløpet.

## 8.2 Lokale konkretiseringar for Sandeid skule

### Ved **Sandeid skule** gjeld i tillegg desse lokale reglane:

Arbeidet på skulen er avhengig av vilje til samarbeid. Gjensidig respekt er heilt nødvendig for at skulen og skulearbeidet skal bli triveleg og godt.

#### **DU HAR BLANT ANNA RETT PÅ**

- at alle er høflege og greie mot deg
- at ingen ertar deg
- at sykkelen, ytterkledda, ranselen, elevarbeid eller andre saker får vera i fred
- at det er nødvendig ro og orden i timane

#### **DU HAR BLANT ANNA PLIKT TIL Å**

- visa forståing for alle som er på skulen, slik at ingen vert gåande aleine



- vera med å ta godt vare på skulen sin eigendom
- erstatta ting du øydelegg eller slurvar bort
- vera med på å halde det fint og ryddig i og utanfor skulen
- halda deg på skulen sitt område i friminutta, og passa dei fastsette tidene

### ELLES GJELD DESSE REGLANE

- Ingen elevar skal vere inne i friminutta
- Det er ikkje lov å kaste snøball på skulen sitt område
- Skulen ønskjer ikkje at elevane sykklar på skulen før dei går i 4.klasse
- Vi sykklar ikkje i skuletida, og lar andre sine sykklar få stå i fred
- Ein kan bruke sparkesykkel, rullebrett og rulliskeiser på skatebanen. Alle må ha hjelm.
- På skulen brukar vi ikkje mobiltelefon eller smartklokker – elevane kan ha mobilen avskrudd i sekken eller ha smartklokka på skulemodus, slik at dei er tilgjengelege etter skuletid for foreldre/føresette.
- Tar du med deg utstyr som du ikkje treng på skulen, har skulen ikkje noko ansvar for det
- Det er ikkje lov å gå utanom skulen sitt område i skuletida
- Snop og brus tek du berre med når skulen har gitt løyve til det
- Det er ikkje lov å ha med farlege reiskapar

### BROT PÅ REGLANE

#### **På Sandeid skule satsar vi først og fremst på å utvikle gode klassemiljø slik at åtferdsproblematikken kan reduserast.**

- Alle tilsette skal syte for at elevar som gjer regelbrot blir møtt med konsekvensar.
- Alle tilsette skal vera forutsigbare.
- Reaksjonsmåtane må ha relasjon til situasjonen.
- Unngå opne konfrontasjonar i klasserom.
- Fokuser på den konkrete hendinga.
- La eleven / elevane først fortelje sin versjon av hendinga. Ver aktiv lyttar.

Foreldre/føresette blir kontakta ved brot; kvar episode vil bli vurdert individuelt.

### VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL MEDELEVAR:

- Avklaring av situasjonen  
Samtale med begge parter (vakt / timelærer / kontaktlærer/hjelpepersonell)
- Ved alvorleg episodar møter alle involverte på rektor sitt kontor, kontaktlærer blir varsla.
- Viss det ikkje er vilje til å slutta fred, må foreldre/ føresette til vedkommande varslast. Kontaktlærer ringjer heim, og avtalar møte dersom det er aktuelt.
- Reaksjonar over for eleven:
  - Misser friminutt
  - Sitje att slik at dei som er redde får tid til å kome seg heim. Telefon til foreldre/ føresette om at eleven må hentast
  - Ved somme tilfelle vil elevar sjølve bli bedne om å ringja heim til foreldra/føresette for å forklara situasjonen.
  - Rektor kan utvise for einskildtimar eller for resten av dagen.

## **VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL VAKSNE**

### **Munnlege truslar:**

Same dag møte med rektor, den vaksne og eleven. Rektor ringjer og orienterer foreldre/ føresette. Rektor avtalar og møte med foreldre/føresette dersom det er aktuelt.

### **Reaksjon:**

- Misser friminutta resten av dagen og den neste skuledagen
- Kontaktlærer følgjer opp med samtale med eleven
- Rektor kan utvise for einskildtimar eller for resten av dagen

## **HERVERK PÅ EIGEDOM**

Meld frå til rektor. Rektor følgjer opp saka. Foreldre/føresette blir varsla.

Skulen pliktar å gjere desse reglane kjend for elevar og foreldre/føresette kvart år.

Skulemiljøutvalet gir skulen, ved rektor, mynde til å gjera små endringar i reglementet dersom det, av ein eller annan grunn, skulle dukka opp eit behov for det.

Vedtatt i Skulemiljøutvalet 12.12.2017, revidert september 2018, korrektur mai 2019

## 9 Krenkjande åtfærd – og konsekvens

### 9.1 Lovheimel

Kapittel 9A i opplæringslova omhandlar elevane sitt skulemiljø.

Tre paragrafar er særst viktige når det gjeld arbeid mot mobbing. Viser elles til resten av kap 9.

#### **§ 9a-1. Verkeområde for kapitlet**

*Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø*

*som fremjar helse, trivsel og læring. Kapitlet gjeld og for elevar som deltek i leksehjelpsordningar og i skulefritidsordningar, med unntak av §§9A-10 og 9A-11. Føydd til med lov 20 Des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 Des 2002 nr. 1735). endra med lov 9. juni 2017 nr. 36 (i kraft 1. august 2017 iflg. Res. 9.juni 2017 nr. 711)*

#### § 9a-3. Det psykososiale miljøet/ nulltoleranse og systemisk arbeid

*Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.*

*Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.*

*Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn. Skolen skal arbeida kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvar for at det blir gjort. Føydd til med lov 20. Des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20. Des 2002 nr. 1735), endra med lov 9.juni 2017, nr. 38 ( i kraft 1. august 2017 iflg. rest 9.juni 2017 nr. 711)*

#### § 9a-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.

Alle som arbeidar på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.



Alle som arbeidar på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at onvolverte elevar bli høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

*Føydd til med lov 20 Des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 Des 2002 nr. 1735), endra med lov 9. juni 2017 nr. 38 (i krf. 1. august 2017 iflg. res. 9. juni 2017 nr. 711)*

## **9.2 Mål**

Elevar, føresette og lærarar har krav på trygg og god skulekvardag. Skulen skal vera ein stad for tryggleik og trivsel. Krenkjande åtfærd er heilt uakseptabelt på skulen vår.

## **9.3 Definisjonar**

### **9.3.1 Krenkjande åtfærd**

Seier vonde ting, gjer narr av eller bruker stygge kallenamn.

Overser ein annan elev fullstendig eller stengjer han eller ho ute frå vennegjengen.

Slår, sparkar, dytter eller trugar.

Sender ubehagelege lappar eller meldingar eller prøver å få andre elevar til å misslika eleven.

### **9.3.2 Mobbing**

Med mobbing eller plaging forstår me psykisk og/eller fysisk vold retta mot eit offer, utført av enkeltpersonar eller grupper. Mobbing forutset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodane blir gjentekne over tid .

Ujamnt styrkeforhold oppstår når den som blir plaga har vanskeleg for å forsvare seg eller føler seg meir eller mindre hjelpelaus.

### **9.3.3 Godt sosialt miljø**

God klasseleiing, sanksjonar og vaksne med tydelige verdiar

Kjenneteikn:

1. Varme og engasjement frå dei vaksne.
2. Faste grenser mot uakseptabel åtferd.
3. Gjennomført bruk av negative konsekvens ved regelbrot.
4. Vaksne fungerer som autoritetar.

### **9.4 Signal / kjenneteikn på at ein elev vert utsett for krenkjande åtferd**

Kjenneteikna som er lista opp under, gir grunnlag for å undersøkje nærare og følgja eleven tettare opp:

- Aukande fråvær frå skule / kroppsoving
- Vondt i mage / hovud, spesielt om morgonen
- Få vener , går / står ofte aleine
- Søkjer yngre vener
- Engsteleg,
- Ofte nedstemt, verkar deprimert
- Humørsvingingar, tar lett til tårer, aggressiv ved konflikt
- Vegrar seg for å gå ut, treg til å forlata klasserommet i friminutta, søker kontakt med lærar
- Kjem heim med øydelagde kler eller bøker
- Går omvegar for å unngå enkelte personar
- Prøver å skjula at noko skjer



- Skuleprestasjonane blir plutselig dårlegare

### **9.5 Generell prosedyre når krenkjande åtfærd er meldt eller avdekka**

Stopp krenkinga, konfronter plagar / plagarane med fakta.

Ta vare på offeret. Gjer eleven trygg på at skulen tek situasjonen alvorleg og vil arbeida for at plaginga skal ta slutt. Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (ikr. 1 apr 2003 iflg. res. 20 des 2002 nr. 1735), endra med love 0 juni 2005 nr. 105 (ikr. 17 juni 2005 iflg. res. 17 juni 2005 nr. 660), 17 juni 2005 nr. 62 (ikr. 1 jan 2006 res. 17 juni 2005 nr. 609), 9 juni 2017 nr. 38 (ikr. 1 aug 2017 iflg. res. 9 juni 2017 nr. 711).

#### **Saksgongen vidare blir:**

1. Undersøk for å sikre faktainformasjon. Er det enkeltepisode?. Snakk med offer, andre i gruppa som kan vita noko og andre på skulen. Ta kontakt med heimen til offeret for å informera og undersøka nærare.
2. Samtale med offer: Ytterlegare konkretisering, få tilbakemelding om konkret mobbing.
3. Første samtale med plagar. Gi beskjed om at den konkrete åtfærda ikkje er tillate, og at denne åtfærda umiddelbart skal slutta. Bruk aktivitetsplan skjema. Sjå vedlegg
4. Oppfølgingssamtalar med krenka etter få dagar: og innen ei veke. Følg opp til krenking er stoppa.
5. Oppfølgingssamtalar med krenkjar: Har plagar slutta med mobbinga? Finst det alternative aktivitetar som gjer at ein ikkje kjem i situasjonar kor ein kan bli freista til å plaga?
6. Samtalar med foreldra til krenkja. Finst det noko han/ho kan gjera for ikkje å komma i situasjonar kor plaging kan skje? Kva kan foreldra bidra med?

7. Samtalar med foreldra til plagar. Kva kan foreldra bidra med for at plaging ikkje skal skje?

Oppfølgingssamtalar med krenkjar og krenka. Minst ein gong i veka den første tida. Avtal konkret tidspunkt. I starten rår ein til å snakka med partane kvar for seg.

Dersom vaksne personar er involvert i mobbing, har rektor ansvar for oppfølging av saka, sjå eige punkt.

Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker §9A-6.

#### **Vurdera andre tiltak ein må setja inn:**

- Forsterka vakthald rundt både krenkjar og krenka,
- Pause på andre tidspunkt for den som krenkjer, ( §9A-7)
- Kopla inn andre instansar.
- I samarbeid med heimen inndra retten til bruk av nett / mobil.
- Konsekvensar for mobbar må elles sjåast i samanheng med ordensreglement.

#### **Klassemiljøarbeidet – intensivera og prioritera arbeidet i klassane som er involverte.**

Det vert skrive dokumentasjon under heile prosessen av den som fylgjer opp saka på skulen. Arbeidsdokumenta vert lagt i elevmappa / personalmappa. Arbeidsdokumenta må alltid fjernast etter at saka er lukka, grunna namngjeving, men dokumentasjon på saksgong må liggja att. Ein har regelmessige oppfølgingssamtalar med krenkjar og offer fram til skuleleiinga lukkar saka.

### **9.6 Skjematisk prosedyre for hjelp og sanksjon**

Den som blir krenka har rettar etter § 9 i opplæringslova. Prosedyrane som følgjer gjev ei generell og skjematisk framstilling av kva som skal gjerast.

Ordensreglementet dannar grunnlag for reaksjon og sanksjonar mot krenkjar.

#### **9.6.1. Elev vert krenkja av elev – og me oppdagar det**

##### ***Når me oppdagar krenkjande åtferd***

<i>Reaksjonar</i>	<i>Ansvar</i>
1 Samtale med eleven	Den som oppdagar.
2 Informasjon til kontaktlærer	Den som oppdagar.
3 Vurder Informasjon til rektor.	Kontaktlærer eller den som oppdagar
4 Reaksjon/sanksjon i høve	Kontaktlærer



ordensreglementet	
5 Vurder kontakt heim.	Kontaktlærer
6 Loggføring	Kontaktlærer
7 Evaluering og tilbakemelding til elev og eller heim	Kontaktlærer

### ***Gjentatt krenkjande åtfærd frå same eleven***

<b><i>Sanksjon</i></b>	<b><i>Ansvar</i></b>
1 Samtale med rektor	Kontaktlærer / den som oppdagar.
2 Rektor oppretter logg	Rektor
3 Samtale kontaktlærer	Rektor
4 Kontakt heim	<i>Rektor</i>
5 Vurderer vidare sanksjonar etter ordensreglementet	Kontaktlærer/rektor
6 Informasjon til fellesmøtet	<i>Rektor</i>
7 Evaluering og tilbakemelding til eleven og heimen	Kontaktlærer/rektor
8 Evalueringsmøte med rektor	Kontaktlærer

### **9.6.2. Elev vert krenkja av elev – og heimen melder til skulen**

#### ***Når heimen melder om krenkjande åtfærd***

<b><i>Reaksjonar</i></b>	<b><i>Ansvar</i></b>
1 Meld frå til rektor	Den som mottek meldinga
2 Rektor opplyser føresett om saksgang	rektor
3 Rektor informerer kontaktlærer	rektor
4 Samtale med krenka og krenkjar	Kontaktlærer

5 Vurdering og vedtak om tiltak	Kontaktlærer og rektor
6 Informasjon til heimen	Kontaktlærer
9 Informasjon til heimen	Kontaktlærer
10 Evaluering av tiltak	Kontaktlærer
Evalueringsmøte med rektor	Kontaktlærer
11 Kontakte Fylkesmann, dersom ikkje saken opphøyrer	Rektor

### ***Gjentatt krenkjande åtferd frå same eleven***

<i>Reaksjonar</i>	<i>Ansvar</i>
1 Samtale med rektor	Oppdagar
2 Samtale med kontaktlærer og rektor	Rektor
3 Rektor tek kontakt med heimen	Rektor
4 Vurder nye sanksjonar etter ordensreglementet	Rektor og kontaktlærer
5 Revisjon av enkeltvedtak	Rektor
6 Informasjon til fellesmøtet	Rektor
7 Evaluering og tilbakemelding til eleven og heimen	Kontaktlærer/rektor
8 Evalueringsmøte med rektor	Kontaktlærer

### **9.6.3 Tilsett krenkjar elev**



Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (ikr. 1 apr 2003 iflg. res. 20 des 2002 nr. 1735), endra med lover 17 juni 2005 nr. 105 (ikr. 17 juni 2005 iflg. res. 17 juni 2005 nr. 660), 17 juni 2005 nr. 62 (ikr. 1 jan 2006 iflg. res. 17 juni 2005 nr. 609), 9 juni 2017 nr. 38 (ikr. 1 aug 2017 iflg. res. 9 juni 2017 nr. 711).

Dei personmessige tiltak som evt. blir sette i verk overfor den tilsette som arbeidstakar, vil det på same måte ikkje vera like sjølv sagt at elev og føresette har krav på innsyn i.

#### **9.6.4. Prosedyre når det er mistanke om krenking eller når krenkjande åtfærd er meldt eller avdekket på Sandeid skule**

1. Undersøk faktainformasjon  
Plikten til å sette inn tiltak utløyse ved at ein elev sjølv seier frå. Etter forarbeidene stilles det ikkje strenge krav til kva det inneberer å seie i frå i denne samnhengen, jf. Prop. 57 L (2016-2017) s. 25 og 78. Man kan ikkje forventa at ein elev bruker lovens ordlyd når han eller ho seier i frå. Det er tilstrekkeleg at ein elev fortel om noko han eller ho utsetjast for som er vanskeleg eller at eleven på anna måte gjer uttrykk for at det ikkje er trygt og godt å vera på skolen. Tiltaksplikten utløyser for det andre når ei undersøking skolen har utført viser at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Dette må sjåast i samheng med oppl. § 9A- 4, tredje ledd, sjå pkt. 6.4.4. Er det mobbing eller enkeltepisode? Snakk med offer, andre i gruppa som kan vite noko og andre på skulen.
2. Kontaktlærar snakkar med den som er blitt mobba. Ta kontakt med heimen til den som er blitt plaget/mobba for å informere og undersøke vidare.  
Dersom vaksne personar i skulemiljøet er involverte i mobbing, har rektor ansvar for oppfølging og loggskrivning av saka
3. Kontaktlærar og leiing snakkar med mobbarane  
Gi beskjed om den konkrete åtfærd ikkje er tillaten, og at denne åtfærda må slutta straks. Ikkje gå inn i diskusjon om skuld, men den som vert innkalla må få lov å forklare seg.  
Notat om hendinga skal loggast og leggjast i eleven si mappe (sjå eige skjema).
4. Kontaktlærar og evt leiing informerer dei føresette til involverte.
5. I oppfølgingsmøte undersøker ein korleis situasjonen utviklar seg. Kontaktlærar og leiing kallar inn involverte partar. Det kan i nokre tilfeller bety at skolen har plikt til å setje inn tiltak sjølv om eleven ikkje ønskjer det. Det kan også innebære at skolen for å ivareta hensynet til barnets beste, sett inn andre tiltak enn dei eleven sjølv ønskjer.
6. Tiltaksplikten avgrensas mot å setja inn tiltak som retter seg mot elevanes fritid og situasjonen heime, jf. Prop. 57L (2016-2017) s. 27. I slike tilfeller må skolen søke etter andre egna måtar å hjelpe elevane på. Skolen kan til dømes setja inn tiltak på skolen som har positiv effekt utanfor skoletida og skolens område. I tillegg kan det



vera nødvendig å opprette kontakt med andre instnsar som kan bidre, til dømes helsetenesta, barneverntenesta osv.

7. Tiltak: Oppfølging med samtalar med begge partar, forsterke vakthald, klassemiljøarbeid, andre tiltak.skolens tiltak må tilpassast den konkrete saken. Her kan det blant anna vera viktig å avklare årsaken til at eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Tiltak kan vurderast i både korte og lange tidsspenn. Konfronterande samtalar med ei som krenkar er eit døme på eit tiltak i eit kort tidsspenn, har til dømes ei systematisk oppfølging av situasjonen i eit lengre tidsperspektiv. Ofte kan vera nødvendig å setja inn fleire tiltak.
8. Føresette vurderer saman med skulen om saka skal bringast inn for konfliktrådet eller meldast til politiet.
9. etter "Opplæringslova kapittel 9A" (Elevane sitt skulemiljø)dei aller fleste tiltak som er egna til å skape eit trygt og godt skolemiljø treng likevel verken enkeltvedtak eller ein eigen lovhjemmel, jf. Prop. L ( 2016-2017) s. 27.

Handlingsplanen mot mobbing blir evaluert kvar haust og vedtatt i skulemiljøutvalet.

**Melding om mobbing - Sandeid skule**

Opplæringsloven §9a slår fast at alle elever i grunnskole og vidaregåande skole har rett til et godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring.

Både foreldre og elever kan ta kontakt med skolen viss en elev blir utsett for krenkande ord og handlingar som mobbing, vold, rasisme, diskriminering og utestenging. Dersom ein meiner at skolen ikkje gjer nok for å avhjelpe situasjonen, skal ein kontakte skulen skriftleg.

Du kan da bruke dette skjema (eller skriv eige brev) adressert til rektor eller kontaktlærer. Skolen kan være behjelpelig med å fylle ut skjemaet.

**Mobbing beskrives av utdanningsdirektoratet slik:**

"Mobbing inneberer at en eller fleire elevar seier eller gjer vonde og ubehagelige ting mot ein annan elev. Ved mobbing skjer dette gjentekne gonger og over tid, og den som blir utsett, har vanskelig for å forsvare seg."

**Elevens namn**  
(for og etternamn)

**Klasse**

**Namn på melder**  
(for og etternamn)

**Kva rolle melder har til eleven**  
(mor, far, evnt andre)

**Kva meldinga gjeld**  
(beskriv saken, viss behov bruk baksida)

<b>Eleven sin kontaktlærer</b>	
<b>Føresette/melder si underskrift</b>	
<b>Dato</b>	

## 10. PLAN FOR SOSIAL KOMPETANSE VED SANDEID SKULE

*”Læra og trivast e`finast”*

### 10.1 SOSIAL KOMPETANSE

Sosial kompetanse handlar om å meistre samspelet med andre eller å lukkast i å vere ilag med andre på ein sosial akseptabel måte.

Sosial kompetanse er ei føresetnad for å kunne etablere gode venskap og føle både aksept både på skulen og elles i dagleglivet.

- Elevane har behov for å tilhøyre eit fellesskap
- Elevane har behov for å få det sosiale samspelet
- Elevane har behov for å bestemme sjølv kven dei vil vere saman med.

### 10.2 MÅL: Å gi elevane opplæring i samarbeid og å ta ansvar for seg sjølv og andre

Dette omfattar:

- **Mobbing/krenkjande åtferd**
- **Folkeskikk**
- **Problemløysing**
- **Forventningar**
- **Vaksenrolla**

#### 10.2.1 MOBBING/KRENKJANE ÅTFERD:



Mål: *Alle vaksne skal ta mobbing på alvor og arbeida for at det ikkje er noko mobbing/krenking på skulen.*

Tiltak: Følgje oppsett plan når ein oppdagar mobbing  
2 vakter som skal ha refleksvestar  
Trivselsundersøking i november  
Laga har mobbing/klasse miljø på saklista kvar veke  
Elevsamtale/logg der mobbing/krenking er tema  
Mobbing/krenking skal vere på målarke for sosial kompetanse og utviklingssamtalen med føresette.

Ansvar: *Rektor, lagleiar, kontaktlærer, alle tilsette.*

### **10.2.2 VAKSENROLLA:**

Mål: Borna skal møte tydelege vaksne

Tiltak: Arket: "Ein god klasseleiar" skal vere rettesnor for arbeidet med elevane.  
Arket blir gjennomgått på første foreldremøte etter skulestart

Ansvar: *Alle tilsette*

Evaluering: Emne frå sosial kompetanse skal vere tema på fellesmøte ein gong i månaden

Ansvar: *Rektor*

### **10.2.3 Viktige treningsområde i heimen og på skulen**

#### **1. EMPATI**

Trene på å setje seg inn i andre sin situasjon. Vise omsyn og medføling og ha omtanke for andre.

#### **2. SAMARBEID**

Å kunne dele med, hjelpe og lytte til andre, følgje reglar og takle autoritetar (for eksempel lærar )

#### **3. SJØLVKONTROLL**

Å vere i stand til å beherske sinne, tåle frustrasjon, kunne gi seg og innrømme feil, tåle å tape og reagere eigna på erting.

#### **4. PROBLEMLØYSING**

Å kunne løyse konflikter utan å slå, dytte eller snakke nedsetjande om andre.





## 5. HUMOR OG GLEDE

Å føle glede, kunne spøke, ha det moro, la seg rive med i leik, glede seg over positiv merksemd frå andre.

**Å VERE TYDELEG VAKSNE OG GODE MODELLAR ER MYKJE AV JOBBEN SOM SKAL TIL**



## 10.3 FORVENTNINGAR

### 10.3.1 KVA KAN VI FORVENTE AV DEG SOM ELEV:

- at du følgjer skulen sine ordensreglar og handa med regel til kvar finger
- at du tek omsyn og ikkje utset born eller vaksne for noko vondt
- at du viser respekt for lærarar og medelevar
- at du lyttar på andre og ventar på tur
- at du brukar fine ord og er høfleg
- at du passar tida slik at du er på rett stad til rett tid
- at du hjelper til med å halde skulen rein og fin, og seier frå til nokon vaksne viss noko går sundt eller vert øydelagt
- at du tek vare på tinga dine, og har orden og gjer arbeidsoppgåvene dine både heime og på skulen
- at du gir vidare informasjon frå skulen heime



### 10.3.2 KVA DE KAN FORVENTA AV OSS TILSETTE PÅ SKULEN

- at alle vaksne på skulen gjer det klart kva forventingar vi har, og kva som er viktig for arbeidet i skulen
- at lærarane er tilgjengelege i skuletida
- at heile personalet arbeider for å skape tryggleik for elevane
- at ansvarleg personale raskt tek kontakt med familien dersom noko spesielt skulle hende barnet ditt
- at personalet er positive, venlege og imøtekomande ovanfor elevar og føresette
- at lærar gjennomfører elevsamtalar og utviklingssamtalar kvart halvår
- at lærarane møte opplagde, engasjerte og har planlagt arbeidet godt og er oppdaterte på ulike læremåtar
- at vi informerer om det som skjer både i klassen og på skulen og er opne for konstruktive innspel
- at vi er tydelege vaksne leiarar, er rettferdige og set tydelege grenser
- at heimen får arbeidsplanar, vekeplanar og periodeplanar. Desse har elevane i papirform eller på IPAD

### 10.3.3 KVA VI FORVENTAR AV DEG SOM FORELDRE/FØRESETT:

- at foreldra er med på å skape eit sosialt miljø rundt klassen og er lojale til det som skulen legg opp til, og er med på å bygge opp under skulen sin autoritet
- at barnet ditt kler seg fornuftig og er godt førebudd for skuledagen
- at barnet ditt har utstyr som det treng: bøker, penal, gym.tøy, m.m.
- at barnet ditt får vere heime ved sjukdom
- at du stiller forventingar og krav til barnet si åtferd på skulen
- at du er merksam på mobbetendensar, og seier frå til lærar om nokon elev blir utsett for mobbing
- at du tek kontakt med skulen om du er misnøgd, eller lurar på noko og gir skulen konstruktive tilbakemeldingar
- at du rosar, oppmuntrar og lyttar til barnet ditt, og at du i samtale med barnet omtalar skulen positivt og på den måten syner ei positiv haldning og vektlegg "vanleg folkeskikk"



- at du interesserer deg for og følger opp barnet sitt heimearbeid, og hjelper barnet til å ta ansvar for at arbeidet blir gjort og sjekkar kvalitet
- at du les informasjon, arbeidsplanar, vekeplanar og andre skriv, og sender tilbake svarlapp når det er aktuelt
- at du møter på foreldremøte og utviklingssamtalar
- at du set grenser og er tydeleg modell
- at du tek omsyn til teieplikt ved besøk på skulen, når du er med i ulike utval og når du deltek i undervisning, ekskursjonar, turar o.l.



## 10.4 Konfliktløysing

### 10.4.1 Definisjon på konflikt:

Konfliktar er situasjonar der elevane tydeleg opplever konflikt mellom eigne og andre sine ønskje, eller mellom eigne ønskje og krav frå normer og reglar som gjeld på skulen.

Dei vaksne skal lære borna å løyse konfliktar på ein god måte. Målet er at elevane skal kunne løysa konfliktar sjølve.

#### 1. Klargjering av problemet.

Elevane skal setje ord på problemet ut frå kjenneteikn ved personar og situasjonar. Her er det viktig at ein ikkje spør borna "kvifor gjorde du det". Då kan svaret ofte ver "jo fordi". Ved heller å seie kva var det som skjedde" gir ein eleven høve til å fortelje korleis dei opplevde situasjonen. Det er også viktig at alle dei som var med i konflikten får setje ord på korleis dei opplever situasjonen.

#### 2. Forslag til løysingar.

Her skal elevane koma med forslag til løysingar. Ein kan til dømes spørje "Kva skal vi gjere med dette? Har de forslag?" Det er viktig at ein ikkje kjem med eigne løysingar for fort, for å kome fortare gjennom prosessen.

#### 3. Vurdere løysingsforslaga.

Gjennom å sjå på konsekvensar skal elevane snakke om og vurdere dei ulike løysingane på problemet. Her skal dei vaksne få elevane til å tenkje gjennom kva som kan skje ved dei ulike vala av løysingar. "Kva trur de kan skje dersom....., korleis vil han/ho føle det dersom.....osv."

#### 4. Val av løysing

Her skal elevane velje den løysinga dei meiner er best. I byrjinga vil dette skje ved hjelp av ein vaksen.

#### 5. Evaluering

Her skal elevane saman med ein vaksen snakke saman og vurdere korleis løysinga fungerer og om nødvendig finne ei anna løysing.



**Vaksenrolla i konfliktløysinga:**

Hugs at å løyse ein konflikt tar tid!

Ikkje kom med eigne løysingar for å få fortgang i prosessen. Sett deg i mellom.

Ikkje tillat at dei går sin veg. Gjenta i startfasen at det er elevane sitt problem, det er dei som skal løyse konflikten.

Elevane må få øve seg på at det er dei som skal snakke saman, ikkje gjennom den vaksne.

## TRIVSEL - / SOSIALE ARRANGEMENT VED SANDEID SKULE:

- **FADDERORDNING**

6. klasse er fadtrar for 1. klasse. Dei skal ha minst eit sosialt arrangement saman med fadderborna 1 gong pr/mnd. Elles skal dei sjå til at 1. klasse har det bra i friminutta.

Mål: Trene seg i å ha omsorg.

- **FJELLTURAR**

Kvar haust og vår skal alle klassar ha ein "fjelltur". Kvart trinn bør ha ein fellestur.

Mål: Skape trivsel og samhald på tvers av klassane.

- **SOSIALT ARRANGEMENT VÅR/HAUST**

Elevane kan i samarbeid med foreldre/føresette arrangere sosialt arrangement.

Mål: Skape trivsel og samhald. Gjere kjekke ting saman.

- **ADVENTSFEST** i samarbeid med FAU, 1. og 3. klasse

Elevane har underhaldinga, framfører ting dei har arbeidd med. FAU har ansvaret for det praktiske

Mål: Elevane lærer seg festkultur. Dei skal øve seg i å opptre.

- **GRAUTFEST**

Siste veka før juleferien har skulen ein grautfest for heile skulen eller på steget dei høyrer til.

Mål: Skape trivsel og samhald. Øve seg i vanleg bord skikk.

- **SKITUR**

Når snøen og vêret tillet det, skal det arrangerast skidag for elevane.

Mål: Skape trivsel og samhald. Gjere kjekke ting saman.

- **TEMAVEKE**

. Skulen arbeidar mykje tverrfagleg og med djupnelæring. I midten av juni arrangerer me ein felles avslutningsfest for foreldre/føresette, kor noko ab arbiudet gjennom det siste halvåret blir vist, samt at me har felles aktivitetar og mat.



Mål: Skape trivsel og samhold på tvers av klassane.

- **MORGONSAMLINGAR**

Nokre gonger har skulen felles morgonsamling. Klassane har på tur ansvar for framføringar. Det kan vere ting ein har jobba med i undervisninga på førehand, eller ting ein øver inn for samlinga. Adventsamlingar

7. klasse har personalparodi på siste samling før sommaren, da vil det og vera utdeling til TL vaktar.

Mål: Øve seg i å opptre. Skape trivsel og samhold.





- **KLASSEMØTE**

Kvar klasse skal ha minst eit klassemøte ein gong pr/mnd. Det bør alltid vere minst eit emne om sosiale relasjonar / god folkeskikk.

Mål: Trening i demokratiske veremåte.

- **TURNERINGAR**

Mellomsteget har minimum ei turnering i halvåret.

Mål: Skape trivsel og samhald på tvers av klassane.

- **DET ER MITT VAL**

Elevan trener på sosial kompetanse gjennom samhandling og ulike opplegg.

Mål: Trene elevane i sosial kompetanse.

- **PÅSKELUNSJ**

Veka før påske mellomtrinnet felles påskelunsj.

Småtrinnet markere påsken på andre måtar.

Mål: Øve seg i vanleg bordskikk. Skape trivsel og samhald .

- **AKTIVITETSDAG**

Siste veka før sommarferien har skulen ein aktivitetsdag for alle elevane.

Mål: Skape trivsel og samhald på tvers av alle klassane.

***Aktivitetsplanen kan variere litt frå år til år.***



# 11. VEDLEGG

## AVTALE

Namn.....

Eg lovar å gjere mitt beste for at alle i klassen og på skulen skal ha det kjekt. Derfor vil eg ikkje plage, seie stygge ting til eller mobbe nokon.

Eg vil så godt eg kan:

- Passe på at ingen går aleine, då kan eg spørje om dei vil vere med
- At alle leikar saman og at vi deler på leikene
- La alle få vere med å bestemme kva vi skal leike, det skal ikkje alltid vere dei same som skal bestemme
- Gi beskjed til dei vaksne dersom eg ser at nokon vert plaga eller mobba eller
- Seie til dei at dei skal slutte
- Hjelpe den som har det vondt og trøyste den som har det vondt
- Seie kjekke ting til dei andre
- Seie nei til å vere med på dumme ting og ting som eg veit er gale
- La andre få ha tinga sine i fred


Ein god regel er: Vere like snill mot andre som me vil at dei skal vere mot oss

-----  
namn

-----  
kontaktlærer

Dei heime har lest avtalen vår

-----  
Foreldre/føresette





eleven er på nivå 1 på nasjonale prøver på 5. trinn, på nivå 1 eller på nedre del av nivå 2 på nasjonale prøver på 8. trinn


når ein er uro over eleven si sosiale eller faglege utvikling

## Mållark – Sosial kompetanse

### Måloppnåing:

Mållarket og skal følgja eleven frå 1. til 7. klasse.

Elevnamn \_\_\_\_\_ Født: \_\_\_\_\_ År \_\_\_\_\_



Ansvar	1	2	3	4
Er presis				
Har orden i sakene sine				
Leverer meldingar frå skulen til mor eller far				
Gjer lekser innan fristen				
Rekk opp handa når han/ho vil seia noko – og kan venta på tur				
Kan arbeida sjølvstendig og konsentrert				
Kan stå for det han/ho har gjort – skyldar ikkje på andre				
Viser vilje til å forbetra seg om lærar påpeikar noko som må endrast				
Samarbeid	1	2	3	4
Deltek i leik med andre				
Tek ansvar og deltar aktivt i arbeidet i grupper				
Kan vera i lag med alle i skulestyrte aktivitetar				
Samarbeider godt med andre i alle skulestyrte aktivitetar				
Spør om lov når han/ho vil låna noko av andre				
Sjølvkontroll				
Forstyrerar ikkje andre i deira arbeid				
Kan lytta til andre utan å avbryta				
Kan løysa konflikhtar med ord				
Klarar å trekkja seg ut av konfliktsituasjonar før det vert slåssing				
Klarar å la vere å ta igjen				
Slår eller sparkar aldri andre				
Øydelegg ikkje ting med vilje				
Brukar ikkje banning og kjønnsord i dagleg tale				
Kjem ikkje med upassande eller negative kommentarar i klassen				



Sjølvhveding	1	2	3	4
Spør læraren om hjelp				
Har egne meiningar og tør å hevda desse				
Er lojal mot felles avgjersler som går imot egne meiningar				
Varslar ein vaksen om han/ho føler seg urettvist behandla				
Snakkar ikkje nedlatande til – eller om andre				
Kan respektera andre sine meiningar utan å le av dei				
Empati	1	2	3	4
Trøystar andre				
Manipulerer ikkje andre til å gjera dumme ting				
Varslar ein vaksen om han/ho ser at andre ikkje har det godt				
Ser etter dei som er mindre og lar mindre få vera med i lek				

Utfylling: Kontaktlæraren fyller ut dei felte som er problematiske - og dei som er positive. Læraren vel kva felt som passar og kva felt han ho ikkje vil ta med. Arket vert fylt ut til elevsamtale 2 ggr/år. Skraver halve ruta for vår / haust.. Kontaktlærer vel om han vil visa skjema til elev eller føresett – men skjema skal ligga i elevmappa. Vis varsemd. Skjemaet følgjer ikkje med i elevmappa ved overgang til ny skule. Problemområde blir evt. overlevert munnleg ved overgang.

## Målark – haldning og handling

### Eleven vurderer seg sjølv

M  
å  
l  
o  
p  
p  
n  
å  
i  
n  
g  
:

Målarket og skal følgja eleven frå 1. til 7. klasse.

Elevnamn \_\_\_\_\_ Født: \_\_\_\_\_ År \_\_\_\_\_

Låg

Middels

Høg

<b>Eg bidreg til at andre har det bra</b>	1	2	3	4
Eg bidreg til at skulevegen er kjekk for alle				
Eg brukar nett med vett (facebook, chat, sms)				
<b>Eg tek ansvar for å stoppa plaging og mobbing</b>	1	2	3	4
Eg gir beskjed til ein vaksen med ein gong om eg ser nokon som brukar eit stygt kroppsspåk mot meg eller andre				
Eg seier STOPP til dei som plagar meg eller andre				
Eg ler ikkje når nokon plagar andre				
<b>Eg kan dei mest vanlege reglane for korleis eg skal oppføra meg mot andre</b>	1	2	3	4
Eg ser på den som snakkar til meg				
Eg smilar og seier gjerne fine ord til dei eg møtar inne eller ute				
Eg er høfleg og brukar desse orda: "God morgon" og "takk"				
Eg er høfleg og brukar desse orda: "Vær så snill" og "Unnskyld"				
Eg brukar eit fint kroppsspråk				



Eleven vurderer seg sjølv under elevsamtalen vår og haust  
Skraver halve ruta for vår / haust.